Styremøte i Hordaland Folkemusikklag måndag 23.08.2021

Til stades på Teams: Per Øyvind Tveiten, Åslaug Timenes Bell og Ingrid Standal Sørheim.

Saksliste:

1. Kort oppfølging av nødvendige saker frå førre styremøte.
2. Innkomne søknader:

   Det har kome inn fire søknader om stønad. Desse er:

   - Voss Spelemannslag søkjer om kr. 8000,- til kvedarkurs med Berit Opheim og Anja Røed på Evanger i september. Søknad innvilga. Kommentar: sidan rammene er såpass små og me har eit år bak oss med lite aktivitet, vert søknaden innvilga trass i at HFL utgjer ein høg prosentdel av budsjettet.
   - Nordhordland spel- og dansarlag og Osterøy spel- og dansarlag søkjer om kr. 20 000,- til Juniorsamling i Haus for unge hardingfelespelarar i november. Søknad innvilga.
   - Annlaug Børsheim søkjer om kr. 20 000,- til prosjektet «Slåttar frå Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Kvam», ei innspeling av 90 slåttar med tilhøyrande bok. Søknad innvilga.
   - Johanne Mjøs og Maria Toppe søkjer om kr. 15 000,- til opplæringsverk for hardingfele. Søknad innvilga.

   Styret takkar for gode og fornuftige søknader som stimulerer til mykje aktivitet. Det trengst no etter pandemien. **Åslaug** sender ut svar til søkjarane.

3. Vestlandskappleiken:
   - Arrangøren tek sjølv ansvar til klasseinndeling, men styret i HFL tilrår dei å avgrensa klassetalet. Det hadde truleg vore svært positivt med ei rekruttklasse/sjokoladekappleik. **Per Øyvind** tek kontakt med kappleiksarrangøren.
   - Dommarane får dekka overnatting. **Åslaug** spør feledommarar, **Ingrid** spør durspel/trekkspeldommarar og **Per Øyvind** vokal- og dansedommarar. Dommarar for eldre folkemusikkinstrument set me saman frå dei andre dommarane. Sogn og Fjordane Folkemusikklag finn den tredje dommaren i kvar grein.

     Frist: 30.august.
4. Neste styremøte er sett til 14.november.